



Samfunnsdemokratane

Program

Gloppen

2019-2023



Samfunnsdemokratane

Gje stemma di til

SAMFUNNSDEMOKRATANE - SD

Å sitje heime på valdagen er å gje ei stemme til den politikken du likar minst!

Føremål

Partiet Samfunnsdemokratane er grunnlagt på kristne/humanistiske verdiar, og har som mål å ta vare på Noreg som eit fritt, sjølvstendig og fleirkulturelt samfunn. Heile landet skal takast i bruk til busetnad og verdiskaping gjennom godt utbygd infrastruktur som skal sikre like høve til utvikling i heile landet.

Samfunnsdemokratane er plassert i sentrum og tufta på eit samfunn med blandingsøkonomi - ein balanse mellom privat næringsliv og tilrettelegging frå det offentlege.

Kjerneverdiar

Samfunnsdemokratane legg vekt på å opptre ærleg, redeleg og påliteleg. Fokuset skal vere på våre eigne løysingar og vi ønskjer å bidra til positiv, skapande og løysingsorientert utvikling lokalt, regionalt og globalt.

Samfunnsdemokratane representerer eit nytt alternativ i norsk politikk der tryggleik og menneska skal setjast i sentrum.

Samfunnsdemokratane vil ha lys i husa og ønskjer å ta heile landet i bruk. Utbygging av tenleg infrastruktur er viktig for å motverke sentralisering og utarming. Varme hender og kloke hovud finst i heile landet.

Vi skal arbeide for løysingar som gjer at folk over heile landet kan kjenne seg trygge for liv og helse. Gode oppvekstvilkår, auka ressursar til politi og helsevesenet er viktige hjertesaker for Samfunnsdemokratane.

Vi skal og arbeide for at verdiane i større grad enn i dag vert verande der dei vert skapte. Vi ønskjer sterkt lokalt eigarskap også med tanke på naturressursar og utbygging av fornybare ressursar.

Fanesaker

- Fullverdige helsetenester i heile landet
- Motverke sentralisering
- Rettferdig fordeling av verdiskapinga
- Trygge lokalsamfunn

Særleg fokus komande periode:

- Næringsutvikling og arbeidsplassar
- Nytte potensialet i nye E-39
- Glommen som skule-og turiststad
- Fleire naturgjevne attraksjonar
-

Gje stemma di til SAMFUNNDEMOKRATANE - SD

Å sitje heime på valdagen er å gje ei stemme til den politikken du likar minst!

SD = Motverke sentralisering fordi sentralisering er ansvarsfråskrivande.

Legge forholda til rette så det er like levekår.

- Ved å sikre varer og tenester der folk bur, og hente ut muleg verdiskaping.
- Få lys i husa ved å byggje nødvendig infrastruktur og tilby hyttetomter til dei som eig fråflytta hus.
- Ruste opp eksisterande vegnett langs dagens E39 med internasjonal standard (8,5m)

- Bete kollektivtilboda.

SD = Framtidsretta næringsutvikling

- Arbeide systematisk og målretta for å skaffe statlege og regionale arbeidsplassar til Gloppen.
- Utvikle turistattraksjonar.
- Vidareutvikle trygge lokalsamfunn.
- Regulere og gjere tilgjengeleg sentrumsnære og spreiddbygde bustadstomter i Gloppen i kommande periode.
- Arbeide for auka løyvingar til etablering og næringsutvikling.
- Legge til rette for nok sentrumsnært parkeringsareal.
- Ferjeavløysing med flytebru Anda-Lote.
- Utvide rutetilbodet på Sandane lufthamn
- Få bygd hangar for nattparkering av fly

SD= Fokus på helse

- Vi vil oppretthalde eiga legevakt, og Nordfjord sjukehus må ha akuttberedskap, og arbeide for å gjenopprette tapte funksjonar.
- Vi vil at lokalsjukehusa skal tildelast utvalde spesialfunksjonar. Dei vil då stette krav til kvalifisering av turnuskandidatar.
- Vi vil arbeide for ei ny økonomisk fordeling i helsesektoren som tek høgde for lokale tilhøve.
- Vi vil utvide refusjon for alternativ behandling, både for å styrkje sjølvråderetten over eiga helse, og frigjere kapasitet i den tradisjonelle behandlinga.
- Vi ønskjer klare ansvarslinjer med pasienten i sentrum.
- Barns beste må leggest særskilt vekt på.
- Rus og psykiatribehandling og samhandlingsreforma må få nødvendige ressursar.
- Mat som medisin.
- Aktiv fokus på rekruttering.

KOMMUNESTRUKTUR

- Gloppen skal fortsette som eigen kommune.
- Ved samarbeid må tjenestene og viktige fellesfunksjonar fordelast likt mellom kommunane.
- Lokale velferds tilbod må forbli lokale.

BUSETNAD

- Lys i husa. Tilby hyttetomter til dei som eig fråflytta hus/sommarhus så desse kan seljast til tilflyttarar og nyetablerarar.
- Kartlegge og etablere/vidareutvikle attraktive hyttefelt i kommunen.

- Etableringsbustader/Gjennomgongsbustader
 - Det må byggast bustader som er økonomisk tilgjengelege for unge og nyetablerte. I tillegg trengst det bustader som inneheld gjennomgongsleilegheiter både for tilflyttarar og eldre som ikkje lenger vil sitje som eigarar av einebustadar. Her kan det og leggst til rette for omsorgsbustader med tilsyn.
 - Tilrettelegging av tomter i alle delar av kommuna, private og til næring i denne perioden. Byggefelt må klargjerast slik at tilflyttarar og nye familiar får tilbod om tomter som er byggeklare på kort varsel.
 - Strandsone; vi vil ha liv i fjæra, sikre tilgong for ålmenta og legge betre til rette for reiselivet.

DEMOKRATI

- Ta vare på det folkelege initiativet gjennom ei politisk organisering som gjer det muleg.
- Ha eit ope demokrati – styrke kontakta mellom veljarar og politikarar

ENERGI

- Bygge ut Gloppen stasjonane etter det mest lønsame alternativet for framtida.
- Lokalt eigarskap av lokale kraftstasjonar. Gloppen kommune skal fortsette som eigar av kraftstasjonane i kommunen.
- Bruke ny bærekraftig energi-teknologi i offentlege bygg

HELSE

- Mat som Medisin. Næringsrikt og rett samansett kosthald kan vere med på å førebygge og behandle sjukdom og lidingar, og avgrense livsstilssjukdomar.
- Organisering av helsetenestene: Vi vil arbeide for å redusere byråkratiet som er aukande også i helsesektoren. Dette fører til at ein større og større del av kostnadane pr. pasient går til "ikkje –behandlande" formål.
- Aktiv fokus på rekruttering av helsepersonale som t.d. å reetablere ordinær helsefag utdanning på Firda Vidaregåande Skule.
- Legge betre til rette for 100 % stillingar. Det er muleg å få turnusar til å fungere med flest mulig heile stillingar også i pleie og omsorg. Dette gjev betre stabilitet og lettar rekruttering av helsepersonell.
- Auka grunnbemanning i avdelingane innan pleie og omsorg. Dette fører til mindre sjukemeldingar og på sikt mindre bruk av vikarar og betre stabilitet i personalgruppa. Dette gjev betre rekruttering og auka status.
- Muligheit for dobbeltrom på sjukeheim/omsorgsbustad. Ikkje alle ynskjer å bu åleine, til dømes ektepar.

- Førebyggande arbeid er samfunnsøkonomisk lønsamt innanfor alle område.
- Bruke Krisesenteret som ein medspelar til å motverke vold mot born og vaksne.
- Sjukehussaka
 - Avvikling av helseføretaksmodellen og tilbakeføring av sjukehusa til folkevald styring, og sikre like gode helsetenester for kvinner og barn som for menn.
 - Lokal styring av lokalsjukehusa. Lokal leiing sikrar rekruttering.
 - Nordfjord sjukehus skal ha akutt beredskap og God start avdeling.
 - Halde på generell 12 vekers grense for sjølvbestemt abort
- Bufellesskap
 - Bufellesskap for psykisk utviklingshemma. Ikkje alle trivst med å bu åleine, einsemda er aukande. Større miljø for personalet som jobbar mykje åleine.
 - Bufellesskap for brukarar med store fysiske handikap. Tilrettelagde bustader som ligg samla slik at ein kan nytte seg av felles hjelpaparar som er tilgjengeleg etter behov.
- Utvide dagtilbod for eldre
 - Det er eit svært viktig tilbod for mange brukarar. Sosiale behov er og ein del av det grunnleggande for fysisk og psykisk helse.
- Mat
 - Fersk mat er viktig. Gloppen kommunale kjøkken skal framleis ha kok server produksjon. Med stor personleg tilpassing. Matproduksjon nær pasienten er fleksibelt og ressursparande..
 - Mat er viktig for god livskvalitet.
 - Arbeide for å minke matavfallet
- Psykisk helse
 - Like viktig som fysisk helse. Syte for at den enkelte sin rett til individuell behandling vert ivareteken.
 - Kommunen må syte for å ha nødvendig kompetanse og vaktberedskap.
- Rus
 - Kommunen må saman med politiet ha en aktiv strategi for å unngå negativ utvikling.
 - Aktiv oppfølging av rusavhengige og deira pårørnde.

IDRETT

- Støtte opp om mangfaldet i idretten.
- Viktig å ha eit allsidig tilbod for born og ungdom tilgjengeleg for alle uavhengig av føresette sin økonomi.

INDUSTRI

- Etablere ferdig regulert og tilrettelagt næringsareal slik at potensielle industriarbeidsplassar kan etablerast på kort varsel.
- Legge til rette for vidareutvikling av eksisterande industriarbeidsplassar i kommunen.

INNVANDRING

- Arbeidsinnvandring, minstekrav å lære norsk.
- Det er svært viktig at arbeidsinnvandrarar og deira familie får tilbod om offentleg opplæring i norsk språk og kultur. Dette vil lette integrering og gjere det lettare for familiane å bli integrerte i lokalsamfunnet.
- Syte for at Gloppen opplæringscenter får vere eit fullverdig utdanningstilbod for innvandrarar.
- Kommunen skal stille seg positiv til å ta imot flyktningar.

KULTUR

- Oppretthalde og vidareutvikle Gloppen som den gode kulturkommunen den er.
- Gode kulturtilbod er ein god integreringsarena.
- Legge til rette for frivillig arbeid.

KYRKJE OG RELIGION

- Sikre kyrkja tilstrekkelege midlar slik at bygningsmassen kan takast vare på og vedlikehaldast på ei respektfull måte.
- Gjennom brannsikring og straumforbruk i kyrkjebygg, legge om til meir energieffektiv oppvarming.
- Sikre økonomi til nødvendige kyrkjelege funksjonar som prest, kyrkjetenar og klokkar.

LIKESTILLING

- Syte for inkludering av menneske med nedsett funksjonsevne i arbeidslivet gjennom fleire NAV tiltaksplassar i kommunane.

- Gloppen kommune må arbeide for å halde på varig tilrettelagde arbeidsplassar (v.t.a) og bruke høvet til reserverte kontrakter.
- Oppmuntre til utradisjonelle yrkesval.

LANDBRUK

- Kortreist mat i butikkane/kjedane.
- Satse på husdyrhald med fokus på dyrehelse og etikk.
- Auka produksjon av sau, geit og fisk.
- Buplikt, eller selje hus med gard.
- Strengare handheving av buplikta. Det går an å gjere anna enn å dyrke gras på små og mellomstore bruk rundt om i landet. Sjå til Tyskland, Austerrike og Sveits kva som skjer på landsbygda der.
- Gjennom gode verkemiddel-apparat kan det stimulerast til alternativ verksemd der gardsbruket i tradisjonell forstand ikkje gjev nok inntektsgrunnlag.
- Ta vare på matjorda, og stimulere for å hindre attgroing.

MILJØ

- Redusere avfall og oppfordre til gjenbruk.
- Ta miljøutfordringane på alvor, og leggje opp til meir bærekraftig forbruk.
- Handle lokalt.
- Minke bruk av plast.
- Vidareføre det interkommunale selskapet Nomil.
- Vi er imot deponering av overskotsmasse i ferskvatn og sjø.

NÆRING

- Legge til rette for eit offensivt og nytenkjande næringsliv med gründerånd og lokalt eigarskap.
- Frå jord til bord- og fjord til bord satsing.
- Etableringsstøtte, med vidare oppfølging. Det må etablerast forutseielege og stabile vilkår for nyetablerarar, med enklare regelverk.
- Sikre tilgang til ferdig regulerte og tilrettelagde sjønære næringsareal som er tilgjengeleg på kort varsel, for selskap som har midlar og planar for investeringar i nye arbeidsplassar.
- Oppdatere kommunen sin strategiske næringsplan i samsvar med dette.

OPPVEKST

- Vil ha sunn mat og fokus på ernæring til alle i barnehage og skule.
- Kommunehelsetenesta skal sikre at ernæring blir ein integrert del av behandlingstilbodet i helse- tenesta, og bidra til at personell i tenesta får opplæring om ernæring.
- Sikre ledig barnehage –kapasitet med løpande inntak.
- Sikre rekruttering og fagleg utvikling i skule-og barnehage gjennom ein god arbeidsgjevarpolitikk.
- Fortsetje satsinga på trygge lokalsamfunn.

REISELIV

- Strategisk satsing på reiseliv som eit felles satsingsområde for næring og handel.
- Betre sanitærtilhøva for turistar og andre reisande.
- Vidareutvikle gjestebrygger, og utvikle fleire lokale turistattraksjonar.

SAMFERDSLE

- Prioritere utbygging av infrastruktur som utløyser felles bu- og arbeidsregionar.
- Ferje-avløysing med flytebru Anda-Lote.
- Utvide rutetilbodet på Sandane lufthamn.
- Ruste opp eksisterande vegnett langs dagens E39 med internasjonal standard (8,5m)
- Redusere salting ved å auke sanding med knust, tunnelmasse etter veg og energi utbygging. Oppvarma ved strøing.
- Gang og sykkelvegsatsing. Bygge ut gang og sykkelveggar slik at det vert lagt til rette for bruk av sykkel til og frå arbeid, skule og fritidsaktivitetar.

SKULE/UTDANNING

- Sikre trygg og mobbefri skuleskyss og avgrense reiselengda for dei minste elevane.
- Arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle studietilbodet ved Firda Vidaregåande Skule.
- Sikre elevar og tilsette gode arbeidsforhold i alle skulane våre.

Vi vil tilby gratis skulemat.

ANNA

- Stoppe uansvarlege kredittselskap.
- Innføre forbod mot reklame for forbrukslån og strengare regulering med inkasso bransjen.
- Sikre dyrevelferd.
- Krafttak mot plast, alle må få ansvar for å stoppe forsøplinga.
- Seie opp EØS-avtalen.
- Noreg må ta eit større ansvar i forbodet mot atomvåpen.